

Sterk trafikkvekst

08.04.2014

Målet for flyplassen på Stord er å nå 40 000 reisande i år, opplysar flyplassjef Jan Morten Myklebust frå Uskedalen. Han kan rapportere om stor trafikkvekst med 3 553 reisande over lufthamna i mars. Det er 1 372 fleire enn i samme måned i fjor.

Auken er med andre ord 63 prosent, medan den er 10 prosent samanlikna med februar i år.

Første kvartal i år har det reist 9 860 personar over lufthamna og det er 64 prosent fleire enn i same periode i 2013.

På grunn av den store veksten i trafikken til og frå Oslo kjem DAT i mai til å setja inn eit større fly av typen ATR-72 i denne ruta, opplysar Myklebust.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen